

Kva gjer eg som tilsett, kollega eller venn

# Ved mistanke om vald i nære relasjoner?

SJÅ

- Sår og blåmerke
- Brann- og stikkskadar
- Svimmelheit
- Konsentrasjonsvanskar
- Søvn- og spiseforstyrringar
- Uro og utagerande åtferd
- Er unnvikande
- Depresjon
- Virkar irritabel
- Endring i åtferd
- Avtalar blir ofte endra
- Personen vil ikke ta imot hjelp som krev innsyn i familien
- Partner er ofte med til avtalane
- Hyppige legebesøk med diffuse symptom
- Reaksjonar ved berøring
- Bruk av rusmiddel

Dette er eit tiltakskort for tilsette i samband med handlingsplan mot vald i nære relasjoner i Bjørnafjorden kommune.

For meir informasjon, sjå *Trygg heile livet: Plan mot vald i nære relasjoner*.

SPØR

**Prøv å få til ein dialog slik at valden kan bli erkjent.**

**Start gjerne med:**

- Eg er bekymra

**Beskriv så det du ser:**

- Det verkar som du ofte er borte frå jobb
- Du verkar sliten
- Eg ser at du har blåmerke på armen

**Fortsett med:**

- Dette gjeld kanskje ikkje deg, men mi erfaring er at mange som ikke har det så greitt heime kan få slike plagar. Kva tenker du om det?
- Korleis har du det heime?

**Tips!**

- Prøv å unngå å bruke ordet "vald"
- Still opne spørsmål (ikkje leiande)
- Lytt aktivt - sei *Hmm... fortel meir om det. Beskriv, kva gjorde du? Kor var du? Korleis opplevde du dette?*
- Gjenta nøkkelord
- Unngå vurderingar av det som har skjedd, som *Oi, så forferdeleg!*
- Tilpass spørsmåla til alder og forståing

AV-KLAR

**Korleis artar valden seg?**

- Slag, truslar, seksuell tvang
- Lugging, brenning, audmjuking eller latterleggjering
- Manglande råderett over eigne pengar
- Blir nekta kontakt med familie og venner
- Ting vedkommande er glad i blir øydelagde
- Mishandling av kjæledyr
- Tvangsekteskap

**Kor alvorleg er valden?**

- Når skjedde dette sist?
- Beskriv kva som skjedde
- Er du redd for at noko skal skje framover?
- Er det fare for liv og helse for deg sjølv eller barna dine?
- Har du tidlegare vore i kontakt med politiet eller krisesenter?

**Risikofaktorar**

Samlivsbrot, tidlegare valdsepisodar, tilgang til våpen, arbeidsløyse, økonomiske vanskar, sjukdom og rusavhengigheit kan bety auka risiko for grov vald og partnerdrap. Politi og krisesenter bør kontaktast.

- **Be den valdsutsette skrive ned kva som har skjedd og skjer, kor og når det har skjedd.**
- **Informer den valdsutsette om kva du vil gjere med det du no har fått vite.**

Vald har mange ansikt.  
Vald kan vere fysisk, psykisk, seksuell, økonomisk eller omsorgssvikt.



## Akutte situasjonar

Ved alvorlege truslar eller fysiske skadar etter vald og overgrep.

- **Ring politiet** for å forhindre nye akutte overgrep. Fortel kva du har sett og kvifor du er redd for nye overgrep (avvergeplikta). Den valdsutsette kan melde overgrepet eller politiet kan ta ut offentleg påtale.
- Ved mistanke om valdtekts, kontakt Valdtektsmottaket eller Legevakta i Bergen for undersøking og sporsikring.
- Tilby å køyre den valdsutsette til Krisesenteret i Bergen, kor ho eller han kan bu trygt. Krisesenteret har rutinar for risikovurdering og henting av eigendalar.

## HANDLE

### Kva gjer du?

Målet er å motivere den valdsutsette til å kontakte hjelpeapparatet slik at valden stoppar.

#### Anonyme drøftingar

Er du usikker på kva du skal gjere, kan du drøfte saka anonymt med kriesenter eller politi. Ring og avtal ein samtale med fagpersonar på kriesenteret.

#### Informasjon om hjelpetilbodet til den valdsutsette

Hjelp den valdsutsette å finne informasjon om hjelpeapparatet. Kontakt kriesenteret for meir informasjon og materiell.

#### Rettleiingssamtale på kriesenteret

Inviter den valdsutsette med til ein samtale på kriesenteret. Krisesenteret kan hjelpe til med å vurdere sikkerheita, om forholdet skal meldast til politiet, og gi råd og rettleiing om vegen vidare for å stoppe valden.

Ikkje alle treng å bu på kriesenteret. Valdsutsette kan få jamlege rettleiingssamtalar i ein vanskeleg fase.

Du som tilsett i hjelpeapparatet kan òg invitere kriesenteret med i møte saman med den valdsutsette.

**AVVERGEPLIKT:**  
Alle har ei personleg plikt til å melde eller på annan måte avverge og hindre alvorlege brotsverk.

### Viktige telefonnummer

- Ved akutte hendingar for å sikre spor, ring politiet på 112
- Politi: 02800
- Krisesenteret for Bergen og omegn: 55 31 50 50
- Valdtektsmottaket ved Bergen legevakt: 55 55 99 50
- Legevakta: 116 117
- Kompetansesenteret mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll: 47 80 90 50
- Livskrisehjelpa ved Bergen legevakt: 55 56 87 54
- Konsultasjonsteamet mot vald og overgrep i Bjørnafjorden kommune: 984 99 710

Sjå også: [bufdir.no/vold](http://bufdir.no/vold)

For meir informasjon ,  
sjå  
**Trygg heile livet: Plan  
mot vald i nære  
relasjoner.**



# Ved mistanke om vald og seksuelle overgrep mot barn?

- for deg som jobbar med barn, er offentleg tilsett eller er nabo

## SJÅ

- Sår og blåmerke, gjerne fleire stader på kroppen (sjå bilet i elektronisk rettleiar)
- Brann- og stikkskadar
- Svimmelheit
- Søvn- og spiseforstyrningar
- Vondt i magen
- Uro og irritabilitet
- Depresjon
- Utagerande eller "pleasande" åtferd
- Reaksjonar ved berøring
- Hyppige legebesøk og innlegging på sjukehus (med diffuse symptom)
- Familien motset seg innsyn
- Bruk av rusmiddel

Ver merksam på "skjulte" bodskap, som til dømes at barnet skriv eller teiknar noko, ikkje ønskjer å gå heim eller endrar åtferd når foreldra hentar.

### Kva gjer du?

- Informer leiari om mistanken din.
- Observer, skriv ned kva som har skjedd. Oppgi tid og stad.

**For meir informasjon,  
sjå**

**Trygg heile livet: Plan  
mot vald i nære  
relasjonar.**

## SPØR

**Prøv å spørje kva som har skjedd,  
samstundes som du ivaretar barnet.**

**Start gjerne med:**

- *Eg er bekymra.* Beskriv kva du ser
- *Det verkar som du ofte har vondt i magen*
- *Eg ser at du har blåmerke på armen*

**Fortsett med:**

- *Dette gjeld kanskje ikkje deg, men mi erfaring er at mange som ikkje har det så greitt heime kan få slike plagar. Kva tenker du om det?*
- *Korleis er det å vere deg heime?*

**Tips!**

- Still opne spørsmål (ikkje leiande) og la barnet fortelje fritt
- Bruk støtteord som *hmm..., ja, fortel, fortel meir*
- Gjenta barnets ord (utan å bli "papegøy")
- Spør gjerne fleire gonger, sei *Eg er her, kom innom viss du vil snakke med meg*
- Avtal eit nytt møte med barnet

## AV- KLAR

Eit barn kan fortelje om hendingar heime plutseleg, til dømes i ei samlingsstund eller eit frikvarter. Inviter då barnet til samtale:

- *Då du sa det ..tidlegare i dag - kva meinte du då?*
- *Eg har ikkje vore der, fortel så godt du kan*
- *Kva skjer vidare då?*
- *Du har fortald meg om....*

Ver varsam og ikkje spør for detaljert. Det er politiet eller barnehusa som gjennomfører avhøyr med barnet, og som ønskjer å vere dei første som spør barnet om detaljane. Still opne spørsmål og la barnet fortelje fritt.

Når barnet er ferdig med si forteljing, bekrefte det barnet har sagt, og tydeleggjer at det ho/han har sagt er viktig.

Ikkje lov barnet at du ikkje skal seie det til nokon. Forklar at du må snakke med nokon andre vaksne om det barnet har fortald, men at du skal fortelje når du gjer det og kven du snakkar med.



**Kva gjer du?**

- Skriv ned det som barnet har fortald - så ordrett som mogleg Dokumentasjon er viktig, skriv "mor seier...", "barnet fortel.."
- Du kan drøfte saka anonymt med barnevern, krisesenter eller politi
- Drøft gjerne den konkrete saka med leiari og helsejukepleiar, der de saman legg ein plan for kven som gjer kva og når (akutte tiltak, bekymringsmelding, vise til hjelpeapparat osb.)



## Akutt

Når du har grunn til å tru at eit barn vil komme til å bli utsett for vald, har du avvergeplikt:

- ved fysiske skadar
- ved symptom etter psykisk vald
- ved alvorlege truslar
- ved mistanke om seksuelle overgrep
- når barnet viser redsel for å gå heim
- når barnet blir henta av rusa foreldre
- ved mistanke om føreståande eller gjennomført kjønnslemlesting eller tvangsekteskap

**Politiet skal varslast umiddelbart.**  
**Barnevernet/barnevernvakta skal varslast samtidig.**

**NB!** Ved mistanke om vald mot barn, skal foreldre IKKJE kontaktast.

Ved synlege skadar, ta gjerne bilet med eigen telefon. Vurder om barnet skal til lege for å sikre bevis.

Di plikt er sjølve varslinga. Politiet vil etterforske og syte for avhøyrsle ved barnehusa.

Ver merksam på at faktorar som samlivsbrot, arbeidsløyse, sjukdom, trygd og rusmisbruk i familien kan bety auka risiko for alvorleg vald.

**AVVERGEPLIKT:**  
Alle har ei personleg plikt til å melde eller på annan måte avverge og hindre alvorlege brotsverk.

For meir informasjon, sjå Trygg heile livet: Plan mot vald i nære relasjoner.

## HANDLE

### Kva gjer du ved mistanke om at eit barn blir utsett for vald?

#### Send bekymringsmelding til barnevernet

Meldinga skal innehalde: Personalia, årsak til bekymring - kva du har sett, hørt, observert. Oppgi kontaktperson og kva som alt har blitt gjort.

Send meldinga i samarbeid med leiaren din. Dersom leiaren ikkje vil signere, har du eit sjølvstendig ansvar for å sende meldinga med di underskrift.

Barnevernet gir tilbakemelding når melding er mottatt og når undersøkinga er avslutta. Som venn eller nabo, får du berre vite om meldinga er mottatt.

**Hugs!** Du skal berre melde frå om bekymringa di. Det er barnevernet som undersøker saka og avgjer vidare tiltak.

#### Er du usikker?

Ring konsultasjonsteamet i kommunen eller barnevernet for å drøfte saka anonymt.

#### Fortel barnet kva som skjer

La barnet få vite kva som skjer vidare med den informasjonen det eventuelt har gitt. Vurder utifrå barnets alder og situasjon korleis og når dette bør skje.

### Viktige telefonnummer

- Ved akutte hendingar for å sikre spor, ring politiet på 112
- Politi: 02800
- Barnevernet (dagtid): 901 82 850
- Barnevernvakta: 55 36 11 80 (ope 08-02) Utanom desse tidene, ring politiet på 02800
- Valdtekstmottaket i Bergen (frå fylte 15 år): 55 55 99 50 (døgnope)
- Barn under 15 år som har vore utsette for seksuelle overgrep vil få hjelp via Barneklinikken på Haukeland universitetssjukehus: 55 97 50 00
- Krisesenteret for Bergen og omegn: 55 31 50 50

### Kva om saka blir henlagt, men valden held fram?

#### Ny melding til barnevernet

Meld forholdet på nytt til barnevernet, som i mellomtida kan ha mottatt fleire bekymringsmeldingar

#### Informasjon om hjelpetilbod til heimen

Gi elevar og foreldre informasjon om vald i nære relasjoner og hjelpetilbod. Send med brosjyrar heim eller del ut på foreldremøte. Krisesenteret har brosjyrar og undervisningsmateriell.



**MELDEPLIKT:**  
Du har ei sjølvstendig plikt til å melde til barneverntenesta ved mistanke om vald mot barn